




Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Til uttale - Alver - 16/1 - Askaland nordre - avkjørsel og intern kjøreveg - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 07.04.2022. Saka gjeld søknad flytting av avkjørsle og etablering av ny tilkomstveg fram til fritidsbustad. Eigedomen ligg innafør det som i kommuneplan for tidlegare Lindås kommune er sett av til LNF-føremål.



### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Omsøkt tiltak skal ligge på ein landbrukseigedom som ikkje er i drift. Tilkomstvegen skal vere til våningshus som no er i bruk som fritidsbustad. Det er allereie ein tilkomstveg til fritidsbustaden, men denne er bratt og i dårleg stand. Vi forstår det slik at dagens utkjørsel også er trafikkfarleg.

Det er eit nasjonalt mål og omdisponere så lite dyrka mark som mogleg. I denne saka vil ein både omdisponere innmarksbeite og splitte opp marka slik at resten av denne teigen vert vanskelegare å drifte i framtida.



Kommunen må gjere ein grundig vurdering av korleis endra tilkomstveg vil råke landbruksverdiane. Det er ikkje sjølvsagt at ein fritidsbustad treng køyreveg heilt fram til huset, og det bør vurderast om noverande veg er god nok for ein fritidsbustad og om det eventuelt kan vere alternative vegtilkomstar som i mindre grad vil omdisponere dyrka mark.

Statsforvaltaren ber om å få saka til klagevurdering

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN